

REGULERINGSPLAN VALEVÅG BÅTSERVICE Gnr.10 bnr. 39 og 48, SVEIO KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER

§ 1 GENERELT

§ 1.1 Det regulerte området er vist på planen med plangrense.

§ 1.2 Arealet innanfor plangrensa er regulert til fylgjande føremål:

BYGGEOMRÅDER

- Næring

SPESIALOMRÅDER

- Frisiktsone

- Privat småbåthamn, sjø

FELLESOMRÅDER

- Felles avkjørsel

§ 2 FELLES FØRESEGNER

§ 2.1 Disse føresegnene kjem i tillegg til Plan- og bygningslova, og gjeldande vedtekter i Sveio kommune.

§ 2.2 Etter at desse føresegnene er gjort gjeldande, er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som strir imot føresegnene til planen.

§ 2.3 Som retningslinje for byggjeplanar gjeld reguleringsplan med tilhøyrande føresegner.

§ 2.4 Plassering og utforming av bygningar skal vere fastsett i samband med byggemelding.

§ 2.5 Transformator kioskar, kabelskap, slamavskiljar o.l. kan oppførast i området etter nærare avtale, og då berre der dei etter kommunen sitt skjønner ikkje er til ulempe.

- § 2.6 Tiltakshaver har aktsomhets- og meldeplikt, jfr. lov om kulturminner av 1976, §8, som seier at arbeidet skal stoppast og kulturvernmyndigheitene varslast om tiltakshaver under arbeidet oppdagar gjenstander eller andre spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet.

§ 3 BYGGEOMRÅDE

§ 3.1 NÆRINGSOMRÅDE

- § 3.1.1 Innanfor området kan det oppførast driftsbygningar, som verkstad, lager o.l.
Tillatt bebygd areal, BYA, må ikkje overstige 50% av tomta sitt areal.
Maks. mønehøgde 8 m.

- § 3.1.2 Det skal nyttast saltak, med takvinkel mellom 27 og 45 grader.

- § 3.1.3 Nye bygg skal og tilpassast eksisterande bygg i form, farge og materialbruk.
Endeleg plassering av bygg vert fastsett av kommunen, i samband med byggemeldinga.

4.0 SPESIALOMRÅDE

§ 4.1 FRISIKTSONE

- § 4.1.1 Arealet vil i planen vera kombinert med andre føremål.

- § 4.1.2 Det kan ikkje førast opp tekniske innretningar med høgde større enn 0,5 m over vegen.
Areal som ligg høgare skal planerast ned til 0,5 m over veg.

§ 4.2 PRIVAT SMÅBÅTHAMN

- § 4.2.1 Området kan nyttast til kai, brygger(faste og flytande), og båtfeste for småbåtar.
Endeleg plassering og utforming vert fastsett av kommunen i samband med byggemelding for tiltaket.
- § 4.2.2 Tiltak i sjø, som kai, molo, flytebrygger etc. krev i tillegg løyve av hamnemynde etter hamne- og farvasslova. Søknad om løyve må sendast Karmsund hamnevesen i god tid før tiltaket ønsket iverksatt.

§ 5.0 FELLESOMRÅDE

§ 5.1 FELLES AVKJØRSEL

§ 5.1.1 Der ikkje anna er bestemt, kan felles vegar nyttast av tilgrensande eigedommar.

§ 5.1.2 Trafikkareala skal utformast i samsvar med tekniske planar godkjent av kommunen.

Stord, 15.03.2007

rev

